

Protokoll frå representantskapsmøte nr. 2-2021

Fredag 04.06.2021 kl. 11.00-13.40 vart det halde digitalt møte (Teams) i representantskapet i Sunnmøre Regionråd IKS

Til stades:

Fjord kommune: varaordfører Viktor Valdal
Giske kommune: varaordfører Kåre H. Sæter
Hareid kommune: varaordfører Annika Brandal
Herøy kommune: varaordfører Bjarne Kvalsvik
Sande kommune: varaordfører Einar Arne Ekroll
Sula kommune: ordfører Jim Arve Røssevoll
Sykkylven kommune: ordfører Odd J. Drotninghaug
Ulstein kommune: ordfører Knut Erik Engh (leiar)
Vanylven kommune: ordfører Lena Landsverk Sande
Vestnes kommune: varaordfører Randi Bergundhaugen
Volda kommune: varaordfører Sverre Leivdal
Ørsta kommune: varaordfører Karen Høydal
Ålesund kommune: politiker Tore Johan Øvstebø

Forfall:

Stranda kommune: ordfører Jan Ove Tryggestad (nestleiar)

I tillegg møtte:

Frå styret:

Nestleiar Eva Hove, ordfører i Fjord kommune
Styremedlem Harry Valderhaug, ordfører i Giske kommune
Styremedlem Dag Olav Tennfjord, politiker i Ålesund kommune
Varamedlem Bernt Brandal, ordfører i Hareid kommune
Varamedlem Stein Aam, ordfører i Ørsta kommune

Kommunedirektørar:

Karl Andre Birkhol, Fjord kommune
Wenche Solheim, Ørsta kommune
Geir Ove Vegsund, Sykkylven kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Austnes
Pedagogisk koordinator Nils Magne Abelsesteth
Utviklingsrettleiar Torunn Måseide
Prosjektleiar energiøkonomisering Einar Haram

Andre:

Rådgivar/gruppeleiar Rune Holbæk i Agenda Kaupang (sak 17/2021)

Sak 12/2021: Velkommen

Ved leiar av representantskapet Knut Erik Engh

Leiaren av representantskapet ønskte velkomen til møtet. Frammøte vart registrert ved opprop. Representantane Lena Landsverk Sande og Karen Høydal var ikkje til stades i møtet under oppropet, men deltok i møtet frå høvesvis kl. 11:09 og kl. 11:07.

Sak 13/2021: Godkjenning av innkallinga

Ved leiar av representantskapet Knut Erik Engh

Vedtak: Innkallinga vert godkjend.

Sak 14/2021: Godkjenning av sakliste

Ved leiar av representantskapet Knut Erik Engh

Vedtak: Saklista vert godkjend.

Sak 15/2021: Val av to personar til å underteikne protokollen saman med leiaren av representantskapet. Ved leiar av representantskapet Knut Erik Engh

Vedtak: Jim Arve Røssvoll og Tore Johan Øvstebø vert valde til å skrive under protokollen saman med leiaren av representantskapet.

Sak 16/2021: Årsmelding og rekneskap 2020

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal la fram årsmeldinga side for side.

Representantskapet hadde m.a. følgjande kommentarar til årsmeldinga:

s. 13: Representantskapet bad om at det vart teke inn tekst i årsmeldinga om kva saker som vart diskutert på møtet med samferdselsministeren om Nasjonal transportplan (NTP) i august 2020.

s. 16: Rekruttering til helsetenestene er ei stor utfordring i kommunane, og ein må arbeide for å få fleire studieplassar og praksisplassar i regionen. Det vart nemnt at Sunnmøre Regionråd har sendt uttale til Meld. St. 19 (2021-2021) Styring av statlige universiteter og høyskoler.

Dagleg leiar presenterte rekneskapen. Revisjonsmelding låg føre til møtet. Årsresultatet for 2020 var eit overskot på kr. 41 644,- (finansinntekter medrekna).

Vedtak: Representantskapet godkjenner årsmeldinga og rekneskapen for 2020.

Sak 17/2021: Ein heilskapleg bustadpolitikk – ei regional utfordring?

Ved rådgivar/gruppeleiar Rune Holbæk i Agenda Kaupang

Holbæk viste i presentasjonen sin til erfaringar frå prosjektet i helse- og omsorgstenestene i Ålesund i 2021 og frå andre bustadutviklingsprosjekt i kommunale tenester.

Han peika på at det innan kommunale helse- og omsorgstenester er ei stor dreining frå heildøgns omsorgstenester til heimetenester. Kommunane må rigg seg for å betene fleire brukarar i framtida.

Holbæk sa at kommunane må levere rett kompetanse på rett stad. Det vert viktig å samle bustadkompetansen ein stad i kommunen, investere i bustadkonsept (t.d. sentrale leilegheiter), knyte desse til fellesfunksjonar (t.d. vaktmeisterfunksjon og kommunal base) og tilby ambulante tenester.

Holbæk meinte at det vil vere mogleg for mange fleire å bu heime dersom dei føler seg trygge.

Han viste til at veksten i sjukeheimplassar ikkje er berekraftig, og at kommunane kan få meir ut av pengane ved å flytte pengar nedover innsatstrappa. Overordna målsetting er at helse- og omsorgstenestene skal bidra til at innbyggjarane meistarar eige liv. Som døme på strategiske innsatsområde vart det nemnt:

- 1) Førebygging og tidleg innsats
- 2) Leggje til rette for at innbyggjarane skal bu lengst mogleg i eigen heim
- 3) Utvikle samarbeid med pårørande, frivillige og næringsliv
- 4) Rett kompetanse og god leiing i tenesta
- 5) Nye buformer og butilbod i takt med befolkningsutviklinga

Sunnmøre Regionråd kjem tilbake til saka på ordførarsamlinga under The North West 31. august-1.september 2021.

Ålesund, 04.06.21

.....
Knut Erik Engh

.....
Jim Arve Røssvoll

.....
Tore Johan Øvstebø